



Revidering av sti- og løypeplan

Bykle kommune har starta arbeidet med revidering av gjeldande sti- og løypeplan. Målet med prosessen er å sikre eit godt og framtidsretta tilbod av stiar og løyper for både fastbuande, hytteeigarar og tilreisande, med omsyn til friluftsliv, naturmangfald og lokal verdiskaping.

Planen skal bidra til samhandling mellom aktørane, skape ei felles forståing for målsettinga med arbeidet og betre avklaring av dei ulike partane sine oppgåver og roller.

Revideringa er forankra politisk, og det er gjennomført kartlegging av status på traseane som ligg i dagens sti- og løypeplan.

Planavgrensingar

Planarbeidet vil omfatte:

- Eksisterande, planlagde og nye stiar og løyper for fottur, ski og sykkel.
- Sikre god tilkomst, skape samanheng i sti- og løypenettet og styrke opplevingsverdien.
- Tilretteleggingstiltak som skilt, informasjonstavler, bruer/klopper og parkering.
- Vurdering av konfliktområde og sårbar natur.
- Samspel med annan arealbruk, som hyttebygging, landbruk og reiseliv.

Planområdet omfattar heile kommunen, med særleg fokus på nærmiljøa til bygdelaga og område med høg bruk eller utviklingspotensial.

Medverknad

Vi ønskjer brei medverknad frå:

- **Kommunale råd og utval:** Ønska samfunnsutvikling.
- **Grunneigarar og rettshavarar:** Dialog om traséar, rettar og tilrettelegging. Omsyn til beitebruk og jakt.
- **Hytteveforeiningar og utbyggjarar:** Innspel om bruk, behov og utfordringar.
- **Idrettslag og frivillige organisasjonar:** Innspel om bruk, behov og utfordringar.
- **Næringslag og reiselivet:** Synspunkt på tilbod, kvalitet og tilgjengelegheit.
- **Innbyggjarar:** Erfaringar og forslag til utvikling.

Det vil bli gjennomført:

- Dialogmøte med grunneigarar, beitelag, jaktlag (tre møte – Bykle, midtregionen, Hovden). Oppnemning av representant frå kvart område til prosjektgruppa.

- Møte med prosjektgruppa.
 - samansett av **representantar** frå kommunale råd og utval, idrettslaga, grunneigarar/beitebruk og jakt, næringslag, Destinasjon Hovden, Hovden løypekøyning, hyttevelforeiningar.
- Møte med referansegruppa.
 - samansett av Agder fylkeskommune, Forvaltningssekretariatet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Statsforvaltaren i Agder, Visit Setesdal, Otra kraft, Midt-Agder friluftsråd og Villreinnemnda.
- Invitasjon til å kome med innspel via digitalt skjema eller skriftleg.
- Direkte kontakt med aktuelle aktørar etter behov.

Tidslinje

September–Oktober 2025	→ Informere breitt og målretta → Medverknadsfase og innspel → Samanstille og kartlegge status – kunnskapsinnhenting
November–Desember 2025	→ Frist for innspel 1. desember → Analysere og vurdere innspel og ønske opp mot andre tema og omsyn
Januar–Februar 2026	→ Utarbeiding av planforslag
Mars–April 2026	→ Offentleg ettersyn og høyring → Justering av planforslag
Mai–Juni 2026	→ Politisk behandling og vedtak

Møteplan (kan bli justert)

Dato	Tid	Stad	Deltakarar	Tema
29.09.2025	18-20	Bykle hotell	Grunneigarar, beitelag, jaktlag i Bykle	Innspel
01.10.2025	18-20	Bykle hotell	Grunneigarar, beitelag, jaktlag i Midtregionen	Innspel
15.10.2025	18-20	Hovden fjellstoge	Grunneigarar, beitelag, jaktlag på Hovden	Innspel
27.10.2025	12-15	Bykle hotell	Prosjektgruppa	Innspel
26.11.2025	12-15	Teams	Referansegruppa	Innspel og overordna omsyn
04.12.2025	12-15	Bykle/Teams	Prosjektgruppa	Vurdering av innspel
17.02.2026	12-15	Bykle/Teams	Prosjektgruppa	Presentasjon av planforslag